

**STOR TROPP:**

Siste helga i september deltok Os juniorbridgeklubb med ein stor tropp på Lovund på Helgeland. Her ein del av osgjengen på hurtigbåten frå Bodø til Lovund. Foto: Leif Juvik



SISTE RUNDE: Frå siste runde laurdag mot Jakob Nordvoll Johannessen og Markus Lund. Carl-Otto nærast kamera med briller. Foto: Kristin Linnigard/Trondheim ungdomsbridgeklubb



FRÅ HEILE LANDET: Over 150 ungdomar frå heile landet deltok på juniorcampen. På biletet ser vi nærast kamera Ole Morten Lyhammer Solberg frå Os juniorbridgeklubb. Foto: Leif Juvik

Sølv i junior-NM til Carl-Otto

I helga som var gjekk NM par junior i bridge av stabelen. Spelinga gjekk føre seg i bridgehuset i Trondheim med Trondheim ungdomsbridgeklubb som arrangør. Det blei spelt 90 spel fordelt over to dagar.

Os hadde berre éin deltakar med denne gongen, men han gjorde sine saker riktig godt. Carl-Otto Curran som denne gongen hadde Christian Fredrik Johnsen frå Målselv som makker, kjempa i teten gjennom heile turneringa, og enda til slutt på andreplass, berre slått av dei suverene vinnarane Marius Dalemark Austad og Ida Marie Berg. Dermed blei det eitt steg opp på

pallen frå fjorårets bronse for Carl-Otto.

Det gror forøvrig godt i norsk juniorbridge for tida. I forrige månad stilte Os juniorbridgeklubb med ca 15 deltakarar på juniorcampen som blei arrangert på Lovund i Helgeland.

Ca 150 ungdomar frå heile landet fekk der trent bridge frå morgon til kveld tre dagar til endes. Vi håper at

mange av desse med tida og kan kjempe om medaljar i komande junior-NM, men før den tid arrangerer klubben si eiga turnering.

Os junior Open blir spelt i mars neste år, og vi håpar på stor deltaking frå både inn- og utland der.

Leif Juvik
Os juniorbridgeklubb

Brann i sikrings-skap. Bebuarane vart evakuerte

Klokka 02.58 natt til onsdag fekk naudetatane melding om brann i eit sikrings-skap i ein tomannsbustad i Hagavik.

► **Camilla Kvamme**
camilla.kvamme@osogfusa.no

– Begge inngangane vart evakuerte. Det vart ikkje observert flammor og eld i huset, men det var ein god del røyk, opplyser politioverbetjent Anne Lyssand.

Brannvesenet var på staden og fekk kontroll på situasjonen. BKK vart også varsla.

Lyssand seier at det er oppretta ei sak i samband med brannen, og at hendinga vil bli etterforska og at vitne skal avhøyrast.

– Ei mogleg årsak er at det vart jobba med å installera uttak til elbil på staden, men desse tinga vil bli etterforska, understrekar politioverbetjenten.

Lause kyr i 80-sona på Hatvik

Kyrne hadde forvilla seg ned i krysset mellom Hatvikvegen og Berge.

► **Camilla Kvamme**
camilla.kvamme@osogfusa.no

Politiet i Os fekk melding om dei lause kyrne klokka 12.39 tysdag.

– Det er 80-sone på staden. Det kunne ha oppstått farlege situasjonar, seier politioverbetjent Anne Lyssand.

Politiet fekk melding frå ein som kom køyrande langs strekkja. Vel framme på staden fekk politiet kontakt med bonden, som sytte for å få kyrne heim att.

– Bonden kom og overtok, fortel Lyssand.

Ny hjortepåkøyrse

Seinare på kvelden, klokka 20.19, fekk politiet melding om nok eit hjortepopdrag. Det er mange av dei for tida, opplyser Lyssand.

– Hjorten vart påkøyrd ca. 200 meter frå Er-An veikro, i retning Os, fortel politioverbetjenten.

Viltneemnda vart kontakta, og hjorten vart avliva.